

Lokal rammeplan

for barnehagane i

Sykkylven kommune

2008-2012

2012-2016

Innhald

Visjon Forord

- Kapittel 1 Innleiing
- 1.1 Lokal rammeplan for Sykkylven kommune
 - 1.2 Barnehagelova §2, om innhaldet i barnehagen
 - 1.3 Barnehagelova §3, om barn sin rett til medverknad
 - 1.4 Barnehagane i Sykkylven
- Kapittel 2 Den gode barnehagen
- 2.1 Den sykkylvske barnehage
 - 2.2 Kjenneteikn for barnehagane i Sykkylven
- Kapittel 3 Innhald og fag
- 3.1 Innhald med fokus på glede, trivsel, tryggleik, fellesskap og læring
 - 3.2 Fagområda
 - 3.3 Planlegging, dokumentasjon og vurdering
 - 3.4.Årsplanen
- Kapittel 4 Kvalitetsutvikling
- 4.1 Satsingsområde for barnehagen nasjonalt og lokalt
 - 4.2 Kompetanseheving for betre kvalitet
- Vedlegg: ”Den sykkylvske barnehage”
Serviceerklæring
Lov og rammevilkår

VISJON

Visjon for barnehagane i Sykkylven:

”Den sykkylvske barnehage-ein plass for den gode barndom”

Felles innsats mot felles mål, ein god og innhaldsrik barnehage for alle barna, dei føresette og dei tilsette i barnehagane.

FORORD

Med bakgrunn i prosjektet ”den sykkylvske barnehage”, plan for barnehagesektoren, kompetansehevingsplan for barnehagetilsette, vedtekter, lov og sentral rammeplan, har Sykkylven kommune utarbeida ein lokal rammeplan for mål, innhald og organisering av barnehagetilbodet i Sykkylven.

Rammeplan for barnehagar kom i 1996, dette var den første nasjonale rammeplanen for barnehagane, den var ei forskrift til barnehagelova, som la overordna føringar for barnehageverksemda og sette barnehagen inn i ein samfunnsmessig samanheng. Rammeplanen bygde på eit heilskapleg læringsomgrep der omsorg , leik og læring var sentrale omgrep.

Rammeplanen la ei ramme for arbeidet til personalet og samarbeidsutvalet i årsplanarbeidet med sekvensane planlegging, gjennomføring og vurdering av innhaldet i barnehagen.

Frå 1.august 2006 har vi ein revidert rammeplan som gjeld i barnehagen. Den nye planen understrekar barn sin rett til medverknad og barnehagen si plikt til å ta omsyn til kvart enkelt barn sine føresetnader og behov. **Rammeplanen vart endra ved forskrift 10.01.2011 i samband med ny §1, formålsparagraf, i barnehagelova der omgrepet danning erstattar oppseding.**

Foreldresamarbeid vert sterkare vektlagd og krava til dei tilsette vert tydlegare gjennom måla for dei sju fagområda i rammeplanen. Samfunnsmandatet til barnehagen er å tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til beste for barna.

Kommunen har ansvar for å sjå til at barnehagane driv ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd i samsvar med rammeplanen. Eigar har ansvar for at barnehagane har dei rammevilkår som skal til for å omsetje planen i praktisk pedagogisk verksemd i den enkelte barnehage.

Etter § 2 i barnehagelova kan barnehageeigar gi retningsliner for lokal tilpassing av rammeplanen. Den lokale tilpassinga kan gå fram av kommunale rammeplanar eller av vedtektene for den enkelte barnehage.

KAPITTEL 1

Innleiing

Som ein del av arbeidet med barnehageplanen for Sykkylven kommune, har det frå 2004 vore arbeidd med å samle dei kommunale og private barnehagane under ein felles visjon. Styrarane har vore pådrivarar og alle barnehagane har delteke i prosessen med å skape eit felles verdigrunnlag for barnehagane i kommunen. *Den sykkylvske barnehage – ein plass for den gode barndom*, er utgangspunktet for tanken om ein rammeplan bygd på lokal tilpassing. Ein lokal rammeplan skal rullerast med jamne mellomrom og ei fireårsperiode er ei god ramme. Formålet med ein lokal rammeplan er å utvikle eit reiskap som skal sette ein standard for det pedagogiske arbeidet i barnehagane i Sykkylven kommune. I §2 i lov om barnehager finn vi; ”*Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver.*

Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.”

1.1 Lokal rammeplan

Lokal rammeplan skal:

- Vere ei felles forpliktande plattform som barnehagane tek utgangspunkt i når dei legg sine årsplanar.
- Vere eit styringsdokument for utviklingsarbeid og legge grunnlaget for arbeidet med å finne fram til lokale rutinar, reiskap og metodar som sikrar og vidareutviklar kvaliteten i den enkelte barnehage. Dei kommunale satsingsområda for inneverande planperiode skal og vere styrande for det arbeidet ein gjer innanfor kompetanseutvikling for personalet i barnehagane.
- Vere med å forenkle planarbeidet for den enkelte barnehage på dei områda som er felles.
- Den skal sikre at dei krav som stillast til verksemda vert innfridd, samtidig som den gir rom for den enkelte barnehage sitt særpreg og spesielle fokusområde.
- Synleggjere og gi informasjon om dei prioriteringar som er gjort av Sykkylven kommune når det gjeld det pedagogiske innhaldet i barnehagetilbodet.

1.2 Lov om barnehagar §2 innhald

Lova har i endringa i 2006 blitt meir omfattande og tydeleg på kva som skal vere barnehagen sitt innhald og kva ein kan forvente som brukar av barnehagetenester.

- Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd.
- Barnehagen skal hjelpe heimane i deira omsorgs- og danningsoppgåver, og på den måten skape eit godt grunnlag for barna si utvikling, livslang læring og å vere deltakarar i eit demokratisk samfunn.
- Omsorg, danning og læring i barnehagen skal fremje menneskeleg likeverd, likestilling, åndsfridom, toleranse, helse og forståing for bærekraftig utvikling. Barnehagen skal gi barn rom for leik, livsutfalding og meningsfylte aktivitetar i trygge og samtidig utfordrande omgjevnader.
- Barnehagen skal ta omsyn til barna sin alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, inkludert samiske barn sitt språk og kultur.
- Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle områder

- Barnehagen skal støtte barn si evne til undring, kreativitet og vitelyst og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskapar og ferdigheiter.
- Barnehagen skal vidareføre verdiar og kultur, gi rom for barna si eigne kulturskaping og hjelpe til at alle barn får oppleve glede og meistring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

1.3 Lov om barnehager §3 Barn sin rett til medverknad

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagen sin daglege verksemd. Barn skal ha rom for aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen sin verksemd. Barnet sine synspunkt skal tilleggast vekt i samsvar med barnet sin alder og modning.”

1.4 Barnehagar i Sykkylven

Tryggheim barnehage

Tryggheim er den eldste barnehagen i Sykkylven og hadde 30 års jubileum i 2007. Tryggheim er eigd av Norsk Luthersk Misjonsselskap og har utvida kristen formålsparagraf.

Ullavik barnehage (Sykkylven barnehage)

Ullavik barnehage starta opp som privat barnehage og heitte då Sykkylven barnehage. Den hadde tilhald i Speidarhytta før lokala i Ullavik stod klare til innflytting. Kommunen tok over i 1998 og eig og driv Ullavik barnehage .

Vik barnehage (Nøtteliten barnehage)

Vik barnehage starta opp som privat barnehage i 1992 og heitte då Nøtteliten, etter at kommunen tok over som eigar og drivar i 1998 fekk barnehagen namnet Vik . Vik barnehage ligg ved den gamle riksvegen mellom bensinstasjonane Esso og Hydro

Velledalen Naturbarnehage

Velledalen Naturbarnehage er ein privat barnehage som ligg på Dalemyra ved sidan av skulen. Barnehagen starta opp med drift i november 2009 og erstatta drifta av den kommunale barnehagen på Drabløs.

Vikedalen barnehage (Grebstadlia og Sentrum barnehagar)

Vikedalen barnehage ligg i Vikedalen og er den nyaste av dei kommunale barnehagane. Vikedalen erstatta Grebstadlia barnehage og Sentrum barnehage ved opninga i 2003. Etter brannen i romjula 2006, er Vikedalen no bygd opp og utvida med to nye avdelingar.

Tandstad barnehage

Tandstad barnehage var bygd i 1991 med to avdelingar for barn over 3 år. Etter ombygging i 2003 og nokre justeringar i 2005 er ei avdeling no småbarnsavdeling med inntil 14 plassar. Tandstad barnehage er kommunal.

Blakstad barnehage

Blakstad barnehage held til i lokala til tidlegare Blakstad skule. Barnehagen held i mange år hus i gamleskulen på Blakstad, før den flytta ned i 6-årsbygget ved skulen. Etter skulenedlegginga har heile bygget blitt kommunal barnehage.

Krikane barnehage

Krikane barnehage ligg ved kunstgrasbana i sentrum og er ein av fire private barnehagar i kommunen. Barnehagen hadde leigde lokale i gamle Aurdal skule fram til oppstart i nybygget i februar 2007.

Ikornnes FUS barnehage

Ikornnes FUS barnehage er eigd og driven av Trygge barnehager . Den stod klar våren 2010 og ligg på høgda der ein og finn samfunnshuset på Jarnes. Dette er den nyaste av barnehagane i Sykkylven og vart fram til nybygget stod klart, driven i midlertidige lokale i Idrettshuset og den gamle Jarnes barnehagen.

KAPITTEL 2

Den gode barnehagen

2.1. Den sykkylvske barnehage

*Den sykkylvske barnehage – ein plass for den gode barndom.
Barnehagane i Sykkylven skal vere av ein slik kvalitet at barn og foreldre skal hugse barnehagetida med glede.*

Barnehagane i Sykkylven skal byggje verksemda si på samfunnsmandatet som er gitt oss gjennom Lov om barnehagar og Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver. Barnehagen sitt samfunnsmandat er å vere både ei pedagogisk verksemd som gir barn eit godt omsorg- og læringsmiljø og eit velferdstilbod til småbarnsforeldre.

2.2 Kjenneteikn for barnehagane i Sykkylven

Kvar barnehage skal ha høve til å ta vare på og utvikle sitt positive særpreg. Samtidig er det nokre grunnleggande punkt som skal vere kjenneteikn for alle barnehagane i kommunen;

Tryggleik -omsorg , kjærleik og tillit skal prege kvardagen og dei vaksne sine haldningar til barna. Slik skal barn erfare og lære og utvikle sin eigen empati og evne til å stole på andre og vere trygge i fellesskapet og trygge i seg sjølve.

Trivsel -god start på samarbeidet barnehage/føresette ved oppstart, gode kvardagar der barnet kjenner seg velkomen og nødvendig for fellesskapet. Gode relasjonar til andre barn og vaksne gjennom felles opplevingar og meistring i kvardagen.

Glede -ei god stemning, godt humør og plass til smil og latter. Glede over meistring i leikesituasjonar i fellesskapet med andre. Rom for utforsking og erfaring som gir glede og styrker sjølvtiliten og tru på egne evner.

Fellesskap -alle har eigenverdi og alle er viktige for fellesskapet. Inkludering og ei positiv atmosfære der vi møter kvarandre med respekt og toleranse for ulikskapane våre. Vennskap og samspel med andre, gleder i fellesskapet.

Læring -du lærer av dine handlingar. Kvardagssituasjonane, måltid, samling , leik, av- og påkledning er læringssituasjonar der barn stadig meistrar meir kompliserte oppgåver og

samanhengar, utviklar språk og motrikk, evne til empati, utvikling av fantasi, tanke og tru på seg sjølv. Barnehagen er ein læringsarena der barn utviklar alle sider av sin kunnskap, med støtte frå aktive og deltakande vaksne.

Medverknad -barn skal vere med å bestemme kva innhald vi skal ha i kvardagen gjennom val av aktivitetar og leikekameratar. Barn sine synspunkt skal lyttast til og takast omsyn til av vaksne som aktivt arbeider for å tilrettelegge dagen og støtte ei positiv sosial utvikling slik at alle opplever at deira synspunkt tel og at alle er viktige for fellesskapet.

Overgang barnehage / skule – barnehage og skule skal legge til rette for ein god overgang for 6-åringane frå barnehage til skule. Gjennom eit forplikande samarbeid med skulane, har det blitt vedteke eigen plan for dette.

Samarbeid- barnehagane i Sykkylven skal samarbeide om kompetanseheving, planleggingsarbeid og gjennom samordna opptak. Barnehagane skal ha minst ein felles studiedag kvart år, der den sykkylvske barnehage står i sentrum og arbeidet med å vidareutvikle fellesskapet har fokus. Dei barnehagetilsette skal hjelpe kvarandre med å få auka kunnskap. Førskulelærarar / assistentar skal vidareformidle til kvarandre kursinnhald og eigne arbeidsmetodar gjennom å delta på personalmøte i andre barnehagar eller i fellesfora for dei tilsette.

KAPITTEL 3

Innhald og fag

Lov om barnehagar, rammeplanen og nasjonale føringar ligg i botnen for det innhaldet ein skal ha i barnehagen. Ut frå desse føringane og hovudmomenta i dei sju fagområda, kan ein gjere lokale val og vektingar. Personalet i barnehagane skal ha god kjennskap til og kunnskap om den nasjonale rammeplanen og bruke tid til å reflektere over eige arbeid.

Lokalt innhald og arbeid med fagområda skal i våre barnehagar vere prega av at vi har ein mangfaldig natur med høge tindar, djupe dalar, fjord og fjøre i nærmiljøet. Industrien i Sykkylven har i tillegg nokre av dei største møbelprodusentane i landet og har merkevarer kjend langt ut over landegrensene.

3.1 Innhald med fokus på tryggleik, trivsel, glede, fellesskap og læring

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig og variert, og vil vere til støtte for barna si utvikling av kunnskap, ferdigheiter og haldningar ut frå deira alder og føresetnader. Barna skal ha stor fridom i val av aktivitetar. Tryggleik, trivsel, glede, fellesskap og læring skal sjåast i samheng med utvikling av språkleg og sosial kompetanse. Barn skal oppleve at digitale verkty kan vere kjelde til leik, kommunikasjon og innhenting av kunnskap.

Barnehagen har ei viktig rolle som tradisjons- og kulturformidlar, Barnehagen skal styrke barna sin identitet og tilknytning til heimstaden ved å gjere dei fortrulege med plassen si historie, landskap og tradisjonar. Barna skal oppleve at dei sjølve er ein del av den lokale kulturen. I barnehagane skal også barna sin kultur ha gode vilkår. Barnekulturen er ein viktig del av tradisjonsarven som vert overført mellom barn i ulik alder og bakgrunn når tilhøva ligg til rette. Mangfald og retten til å vere unik skal prege tilbodet. Det er ikkje eit mål at alle skal

tenke likt, men at vi skal respektere kvarandre sine ulikskapar. I barnehagen skal alle bli sett for den dei er. Alle skal kunne vere stolte av identiteten sin og sin eigen bakgrunn.

Barnehagane i Sykkylven legg vekt på at barn skal ha ei god språkutvikling. Personalet skal ha god kunnskap om språkutvikling og vi legg vekt på at barnehagane skal vere stimulerande språkmiljø for barna.. Å utvikle god sosial kompetanse hos barna og ha vaksne som er gode førebilete er eit viktig område for barnehagane.

Barnehagane skal vere opne for samarbeid og samhandling med skulane, der samanheng i opplæringa i barnehage og skule er eit mål. **Eit døme på dette er språkopplæring der barnehagane nyttar Nyborgmodellen for omgrepslæring. Dette er det same systemet som møter dei i skulen. Overgangsmøte ved skulestart er og eit satsingsområde der barnets beste står i fokus.**

Tryggleik i barnehagen handlar om vaksne som møter barn med omsorg i alle situasjonar og at barn får høve til å gi og ta i mot omsorg frå andre barn. God omsorg styrkar barna sine føresetnader for å utvikle tru på seg sjølv og tillit til andre. Dette er avgjerande for barna si utvikling og læring. Tryggleik gjennom omsorg , kjærleik og tillit skal vere grunnmuren som innhaldet i barnehagen kviler på.

Barnehagen skal vere ein stad der barn og vaksne opplever trivsel og glede. Alle er viktige for fellesskapen og alle skal bli verdsett for den dei er. Humor, godt humør og glede over fellesskap og meistringsopplevingar skal prege kvardagen og vere med å styrke sjølvkjensla til det einskilde barn .

Det er barna sine føresette som har ansvaret for oppsedinga til barna. Barnehagen skal i nær forståing med barna sin heim, ta del i barnet **sin danningssprosess. Danning er eit utvida omgrep i forhold til oppseding . Oppseding er ein prosess der vaksne leiar og rettleiar neste generasjon til å ta del i dei verdiar, normer, tankar uttrykk- og handlemåtar som er i kulturen. Medan danning er ei grunnleggande haldning knytt til å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Humansime, menneskeverd og moral er omgrep nært knytt til danning. Vaksne skal vere gode modellar for barna i kvardagen.**

Fellesskap og leik har stor plass i barnehagen. Å delta i leik og oppleve fellesskap og å få vener er grunnlaget for barna sin trivsel i barnehagen. Barn lærer og utviklar seg gjennom leiken. Uteleik og uteaktivitet er ein vesentleg del av barnekulturen. Dei vaksne skal vere aktive gjennom å støtte, inspirere og oppmuntre barna i leiken. På denne måten kan ein sikre at alle barn får gode erfaringar og opplever å meistre samspel i fellesskap med andre.

Læring skjer gjennom alt barn opplever og erfarer på alle område i kvardagen. Barnehagen skal styrke barna si læring i rutinesituasjonar, frie aktivitetar og vaksenstyrte aktivitetar gjennom dagen. Barn sine egne interesser og spørsmål skal vere utgangspunkt for val av tema og tilrettelegging av eit utfordrande og stimulerande læringsmiljø. Dei vaksne skal gjennom engasjement , interesse og kreativitet, vekke interessa for læring hos alle barna. Dei vaksne skal saman med barna undersøke, stille spørsmål og leite etter svar.

3.2 Fagområda i rammeplanen

Innhaldet i barnehagen er delt inn i sju fagområde som skal vere sentrale for oppleving, utforsking og læring. Fagområda er i stor grad dei same som barna kjem til å møte i skulen .

Gode opplevingar, erfaringar og læring innanfor fagområda vil kunne gi barna eit positivt forhold til faga og motivasjon til å lære meir.

Arbeidet med fagområda skal organiserast som tverrfaglege tema der fagområda skiftar på å stå i fokus. Arbeidsmåttane skal legge vekt på allsidig læring ved å la barn vere nyfrikne, aktive, utfordrande, eksperimenterande, kritiske og kreative. Barn skal ha stor fridom i val av aktivitetar og det skal leggast vekt på å finne ein god balanse mellom barnestyrt og vaksenstyrt aktivitetar.

Kvar barnehage vel ut sitt/sine fokusområde innanfor dei sju fagområda. Det skal vurderast kva som er passende omfang og framdrift innanfor dei ulike områda. I barnehagen sin årsplan skal det kome fram korleis fagområda blir tilpassa kvart barn og barnegruppa sine interesser og barnehagen sitt lokalmiljø

Rammeplanen om fagområda:

Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Barnehagen skal støtte barns undring, kreativitet og vitebegjær og utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskapar og ferdigheiter.

(Barnehagelova §2 Barnehagens innhald)

For kvart fagområde er formulert mål for arbeidet med å fremje utviklinga og læringa til barna og presisere personalansvaret. Måla som rettar seg mot opplevingar og læring, er formulert som prosessmål. Det er sjølve læringsområdet og arbeidsmåttane barna skal bli kjende med.

I årsplanen til den einskilde barnehage skal det leggast fram korleis fagområda vert tilpassa barnet, gruppa og lokalmiljøet. Progresjonen i fagområda skal og tydeleggjerast i årsplanen.

Lokal tilpassing av fagområda

Kommunikasjon, språk og tekst

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. I barnehagane våre skal personalet ha god kompetanse på barns språkutvikling og tilrettelegging av stimulerande språkmiljø for alle barn. Alle barnehagane skal lære å bruke verktøyet TRAS (tidleg registrering av språkutvikling) som hjelpemiddel ved kartlegging av språkutvikling. Biblioteket i Sykkylven er ein naturleg medspelar i arbeidet med å skape leselyst og leseglede i barnehagen. Gjennom samarbeid med skulane ønskjer vi å gi barn eit godt grunnlag for lese- og skriveopplæringa.

I arbeidet med kommunikasjon, språk og tekst er dette aktuelle tema i vår kommune:

- ulike språk og dialekter
- leselyst og leseglede
- formidling og lytting
- lokal litteratur og lokale historier
- leik og læring for digital kompetanse
- bibliotek og barnehage

Kropp, rørse og helse

Eit sunt kosthald, veksling mellom aktivitet og kvile og rike høve til opplevingar i naturen skal vektleggast når vi legg planar for innhaldet i barnehagane våre. Det skal leggast vekt på

at alle barn får nok og næringsrik mat i barnehagen og at måltida er eit viktig element i barnehagedagen. Barna skal få gode høve til å utvikle seg fysisk og motorisk. Alle barnehagane ligg i eller ved naturen og har fjell, sjø eller vatn tett ved. Dei sunnmørske årstidene med stor variasjon i ver og vind kan gi mange og varierte opplevingar i vår natur. I Sykkylven har vi og økologisk jordbruk og lokal matproduksjon. Personalet skal inspirere og oppmunde barna til å vere aktive og til å bli glad i naturen. Personalet skal vere gode førebilete i friluftsliv og uteliv og må difor sjølve vere aktive ute i all slags ver. Det skal arbeidast for å trygge barn si helse og personalet skal ha førstehjelpskurs. Barn frå ulike kulturar går i barnehage og personalet skal ta omsyn til kulturforskjellar når det gjeld forhold til kropp og helse. Det fysiske miljøet ute og inne skal legge til rette for, og inspirere til trygg og utfordrande kroppssleik for alle. Personalet skal ha kunnskap om barn si fysiske og motoriske utvikling og kunnskap om ernæring.

I arbeidet med kropp, rørsle og helse er dette aktuelle tema i vår kommune:

- leik og turar i naturen
- leik og øvingar i sal
- ski- og turløyper
- helse og aktivitet
- helse og mat
- måltid og mattradisjonar
- dyrking og hausting
- naturvern

Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen skal gi barn høve til å oppleve kunst og kultur og til å sjølve uttrykke seg estetisk. Å vere saman om kulturopplevingar og skape noko i lag, bidreg til fellesskapskjensle. Musikk, drama, biletkunst og handverk skal vere del av kvardagen til barna. Personalet skal legge til rette for at barn sine uttrykk får plass i kvardagen gjennom allsidige opplevingar knytt til både inntrykk og uttrykk. Personalet skal gjennom eigen fantasi, kreativitet og skaparglede gi barna glede over å oppleve kunst og estetiske uttrykk og evne til å lytte, observere og uttrykke seg gjennom ulike arbeidsmåtar.

I arbeidet med kunst, kultur og kreativitet er dette aktuelle tema i vår kommune:

- song og leik
- leik og drama
- barn sin eigen kunst
- lokale kunstnarar innanfor ulike felt
- bruk av data til kreative uttrykk
- barn og litteratur
- musikk
- skapande aktivitet

Natur, miljø og teknikk

Fagområdet skal bidra til at barna blir kjende med og får forståing for planter og dyr, landskap, årstider, ver og samspelet i naturen. Barn skal få ei gryande forståing av at menneske og miljø er gjensidig avhengige av kvarandre. Grunnlaget for å erfare korleis teknikk kan brukast i leiken og kvardagslivet ligg og i dette fagområdet. Samanhengar mellom industri, teknikk og miljø er sentralt for vår kommune. Personalet skal skape og

vekke undring over og interesse for mangfaldet i naturen. Personalet skal bruke uterommet aktivt i det daglege arbeidet. Uteleik, uteliv og friluftsliv skal stå sentralt.

I arbeidet med natur, miljø og teknikk er dette aktuelle tema i vår kommune:

- mangfaldet i naturen
- menneska og livet
- den økologiske kjeda
- livet ved sjøen, i fjøra, på myra og i fjellet
- turar og friluftsliv
- livet og dyra i naturen
- livet og dyra på garden
- sunnmørsklimaet
- ta vare på og vere glad i naturen
- lokale planter og vekstar
- tekniske hjelpemiddel i kvardagen
- tekniske hjelpemiddel i industrien
- tekniske hjelpemiddel i landbruket

Etikk, religion og filosofi

Barnehagen skal reflektere og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som den skal ta med verdiar og tradisjonar frå den kristne kulturarven. Barna skal få kjennskap til tradisjonar knytt til både kristne høgtider og høgtider i andre religionar og livssyn som er representert i barnegruppa. Det skal setjast av tid til filosofiske samtalar omkring grunnleggande tema som normer og verdiar. Personalet skal vere medvitne om sitt yrkesetiske ansvar for praktisering av barnehagen sitt verdigrunnlag. Dei vaksne skal møte barna si tru, spørsmål og undring med alvor og respekt.

I arbeidet med etikk, religion og filosofi er dette aktuelle tema i vår kommune:

- undring
- filosofiske spørsmål, tenk om
- kyrkja og barnehagen
- høgtider og tradisjonar
- ulike livssyn og religionar

Nærmiljø og samfunn

Barn sin rett til medverknad, kan vere det første steget for å få innsikt og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom deltaking i barnehagen sitt indre liv og aktiv utforsking og oppdaging av nærmiljøet, har barn gode og varierte læringsarenaer. Personalet skal sjå til at barna får erfare at deira val og handlingar kan påvirke situasjonar for dei sjølv og andre og at deira meiningar er viktige. Personalet skal arbeide med likestilling, bidra til at barna får forståing for kulturelt mangfald og førebygge mobbing og rasisme.

I arbeidet med nærmiljø og samfunn er dette aktuelle tema i vår kommune:

- turar og aktiv bruk av nærmiljøet
- FN sin barnekonvensjon – FN dagen og menneskerettar
- lokale bedrifter, bedriftsbesøk
- lokalt jordbruk, gardsbesøk
- tradisjonar
- likestilling
- mangfald

Antal, rom og form

Barn er tidleg opptekne av tal og teljing, gjennom utforsking av rom og form erfarer og lærer dei stadig nye omgrep og utviklar grunnleggande matematisk kompetanse. Personalet skal støtte barna gjennom å vere bevisste bruken av matematiske omgrep. Resonnere og undre seg saman med barna om likskap, ulikskap, storleik og tal og stimulere evna til å bruke språket som reiskap for logisk tenking. Gjennom samarbeid med skulen ønskjer vi å gi barna eit godt grunnlag for matematikkopplæringa.

I arbeidet med antal, rom og form er dette aktuelle tema i vår kommune:

- grunnleggande omgrep
- mønster og former
- storleikar og mål
- sortering
- tal og teljing
- rekning
- bruk av data til leik og læring

Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Rammeplanen legg ei ramme for arbeidet til personalet og samarbeidsutvalet i årsplanarbeidet med sekvensane; planlegging, gjennomføring og vurdering av innhaldet i barnehagen. Styrar og pedagogisk leiar har ansvar for at barnehagen sine mål er klarlagt for personalet, at det er ei felles forståing av måla hos personalet og for at dei føresette får god og tilstrekkeleg informasjon om verksemda.

Praktisk og pedagogisk planarbeid i barnehagen

Den praktiske tilrettelegginga handlar om korleis dagen er organisert. Dagsrytmen er eit døme på ein praktisk plan. Arbeidsdeling, vaktsystem, møter og liknande er og praktiske planar. Den pedagogiske planen er knytt til fagområda og skal ha mål for kva ein ønskjer å gi barna av kunnskap, oppleving, meistring, læring og erfaring.

Det skal vere samanheng mellom mål, innhald og gjennomføring i ein pedagogisk plan. Rammeplanen seier at vi skal arbeide prosessorientert og ikkje vurdere grad av måloppnåing hos enkeltbarnet. **Barns rett til medverknad, legg til rette for at barna skal vere med å planlegge, gjennomføre og vurdere det pedagogiske arbeidet i barnehagen.**

Dette gjev føringar for arbeidet vårt ved at oppleving, kjensler og erfaring skal leggest meir vekt på enn om vi har eit sluttprodukt å vise til.

Kvifor skal vi ha ein pedagogisk plan ?

- Planen fortel noko om kven vi er og kva vi synest er viktig, den avspeglar barnehagen sin identitet
- Planen skal sikre at barn har medverknad og medbestemming i eigen kvardag
- Planen skal sikre progresjon innafor fagområda ut frå barna sin alder og modning
- Planen er eit arbeidsreiskap for alle i personalet
- Planen skal vere til hjelp med å finne retning i arbeidet vårt og gjere prioriteringar
- Planen er informasjon til andre om det arbeidet vi gjer
- Planen er utgangspunkt for evaluering og refleksjon over eige arbeid.

Dokumentasjon

Dokumentasjon er korleis vi syner fram det arbeidet som blir gjort og kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen.

Dokumentasjon kan vere ein kort samtale med mor/far i hentesituasjonen, bilete frå ein aktivitet eller tur og barn sine opplevingar skrive ned på eit fint ark.

Pedagogisk dokumentasjon handlar om å sjå og forstå kva som skjer i det pedagogiske arbeidet og kva barn er i stand til, utan fastlagde rammer i form av forventingar og normer.

Det vi dokumenterer er grunnlagt på val vi gjer, noko vel vi vekk og noko løftar vi fram. Vi som skal dokumentere arbeidet i barnehagen skal reflektere over dei val vi gjer.

Barn sin rett til medverknad skal og gjelde i plan- og dokumentasjonsarbeid. Barna sine synspunkt og eigenvurdering av kva dei har opplevd er like vesentleg som ein dokumentasjon frå den vaksen om at planar er gjennomført.

3.3. Årsplanen

Med utgangspunkt i nasjonal rammeplan for barnehagen og lokal rammeplan skal kvar barnehage utarbeide ein årsplan.

Ein felles mal for utarbeiding og utforming av årsplanen kan gi ein felles struktur å gå ut i frå både for dei som skal utforme planen, dei som skal bruke den og dei som skal setje seg inn i den. Dette er og til hjelp når ein skal følgje utviklinga og progresjonen innanfor fagområda over tid.

Kvar barnehage står fritt til å setje sitt eige preg på eigen plan for å framheve og profilere sine særtrekk og positive sider.

Årsplan del 1: arbeidsdel

- Presentasjon av barnehagen sitt formål
- Fagområda i rammeplanen knytt til mål for arbeidet med barna

Årsplan del 2: teoridel

- lov om barnehagar
- leik, læring , danning
- «den sykkylvske barnehage»
- metodisk arbeid i barnehagen
- barn sin rett til medverknad

Årsplan del 3: informasjonsdel

- Informasjon om
- Barnehagen
- Barnehageåret
- Ferie og fridagar
- Serviceerklæring
- Samarbeidapartar

KAPITTEL 4

Kvalitetsutvikling

”Som pedagogisk samfunnsinstitusjon må barnehagen vere i endring og utvikling. Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon slik at den er rusta til å møte nye krav og utfordringar. Kvalitetsutvikling i barnehagen inneber ei stadig utvikling av personalet sin kompetanse” (Rammeplanen)

Kompetanseheving og kvalitetsutvikling skal føre til at :

- ein styrkar kvaliteten på den vaksne sitt møte med barn
- ein drøfter og vurderer konsekvensen av rammeplanen på eigen arbeidsplass
- ein må ta del i lokalt utviklingsarbeid og gjennom det fornye sin praksis
- ein må ta del i rettleiing knytt til eigen praksis
- ein må utvikle kunnskap og arbeidsformer i samarbeid med kollegaer

Barnehagane i Sykkylven har gjennom kompetansehevingsplan vedteken av Levekårsutvalet, Plan for barnehagesektoren vedteken av Kommunestyret og Prosjektet den sykkylvske barnehage, mange mål for kvalitetsutvikling av barnehagen som organisasjon og kompetanseheving for personalet.

Gjennom brukarundersøkingar kan vi måle om vi gir eit tilbod som brukarane opplever som tilfredstillande for deira behov.

Årsplanen er det dokumentet der vi opplyser medarbeidarane, brukarane, politikarane og andre om kva vi gjer, korleis vi gjer det, kvifor vi gjer det og korleis vi dokumenterer arbeidet vårt. Kvalitetsutvikling skal syne i årsplanen.

Med utgangspunkt i dei kommunale og barnehagen sine egne satsingsområde, skal kvar barnehage utarbeide ein handlingsplan for det interne arbeidet med kvalitetsutvikling. Denne planen skal justerast årleg og ligge ved årsplanen inn til kommuneadministrasjonen.

4.1 Satsingsområde

**Frå kvalitetsutviklingsplanen 2011-2013 har vi desse nasjonale satsingsområda nedfelt:
Satsingsområde**

Nasjonale mål (St.meld.nr.41 side 29)

Pedagogiske leiing

Barns medverknad

Språkmiljø og språkstimulering

Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule

Vidare har vi dei lokale satsingsområda for perioden 2011-2013

Pedagogisk leiing

Barns medverknad

Minoritetsspråklege barn og føresette
Språkmiljø og språkstimulering
Samarbeid barnehage/skule

Gjennom refleksjon og eigen praksis, vilje og evne til forbetring og endring, skal vi stadig nærme oss målet om at barnehagane i Sykkylven skal vere av ein kvalitet som er med på gi barn ein god barndom.

Kvalitetsforbetring og kvalitetsutvikling skal vere ein del av det daglege arbeidet på alle nivå og skal involvere alle medarbeidarar. Kvar enkelt medarbeidar er ansvarleg for kvaliteten på eige arbeid og har eit medansvar for kvalitetsutviklinga i barnehagen. Eit kompetent personale som held seg fagleg oppdatert og som får høve til å utvikle og fornye sin kunnskap, er ein av dei viktigaste føresetnadane for å kunne gi eit godt og tilpassa barnehagetilbod til barn og foreldre.

DEN SYKKYLVSKJE BARNEHAGE

”EIN PLASS FOR DEN GODE BARNDOM”

gjennom

FELLES INNSATS MOT FELLES MÅL – ein god og innhaldsrik barnehage for alle barna, dei føresette og dei tilsette i barnehagane.

Knytt til visjonen for Sykkylven kommune;

”Sykkylven kommune skal vere ein trygg og stadig betre kommune å bu i, arbeide, vekse opp i og kunne bli gamal i”

VERDIGRUNNLAG

TRIVSEL-god start på samarbeidet barnehage/føresette ved oppstart, gode kvardagar der barnet kjenner seg velkomen og nødvendig for fellesskapet. Gode relasjonar til andre barn og vaksne gjennom felles opplevingar og meistring i kvardagen.

GLEDE-ei god stemning, godt humør og plass til smil og latter. Glede over meistring i leikesituasjonar i fellesskapet med andre. Rom for utforsking og erfaring gir glede og styrker sjølvtiliten og tru på egne evner.

TRYGGLEIK-omsorg , kjærleik og tillit skal prege kvardagen og dei vaksne sine haldningar til barna. Slik skal barn erfare og lære og utvikle sin eigen empati og evne til å stole på andre og vere trygge i fellesskapet og trygge i seg sjølve.

FELLESSKAP-alle har eigenverdi og alle er viktige for fellesskapet. Inkludering og ei positiv atmosfære der vi møter kvarandre med respekt og toleranse for ulikskapane våre. Vennskap og samspel med andre, gleda i fellesskapet.

LÆRING-du lærer av dine handlingar. Kvardagssituasjonane, måltid, samling , leik, av- og påkledning er læringssituasjonar der barn stadig meistrar meir kompliserte oppgåver og samanhengar, utviklar språk og motrikk, evne til empati, utvikling av fantasi, tanke og tru på seg sjølv. Barnehagen er ein læringsarena der barn utviklar alle sider av sin kunnskap, med støtte frå aktive og deltakande vaksne.

Gjennom:

*Eit godt tilbod til barna og dei føresette

*Å vere ein plass for den gode barndom

*Å inspirere kvarandre gjennom samarbeid

- skal barnehagane i Sykkylven vere med å oppfylle visjonen om ein god og innhaldsrik barnehage gjennom felles satsing på barn, foreldre og tilsette , felles rammer, felles kompetanseheving og styrking av det som særmerkar kvar av barnehagane.

GRUNNLAG FOR DET PEDAGOGISKE ARBEIDET

Vi set fokus på tre enkle verb som famnar om alt arbeidet vi skal utføre i barnehagen;

- A anerkjenne (gi gode tilbakemeldingar til barnet for den det er uavhengig av handlingar og prestasjonar)**
- B bekrefte (gi gode tilbakemeldingar på barnet sine handlingar åleine og i fellesskapet)**
- C se /sjå (sjå det einskilde barnet og la barnet oppleve at ho/han er sett)**

Desse tre omgrepa glir over i kvarandre og representerer ei tenking og ein handlemåte som har eit heilskapssyn på mennesket og oppseding. Det som er viktig i møtet mellom menneske, er korleis tenkinga vert realisert gjennom handling. Å lytte, å spegle, å undre seg i lag, å utforske å vise empati og innleving. Vere trygge, tydelege vaksne , vere leikne og humørfylte vaksne, å vere vaksne som tek barn på alvor, slik kjem vi nær kvarandre og kan gi kvarandre anerkjening, bekrefting og glede ved å vere her og no.

VAKSENROLLA/DEN ENKELTE SITT ANSVAR SOM MEDARBEIDAR

Haldningar og verdiar

Grunnsynet til medarbeidarane kjem til syne gjennom dei daglege aktivitetane i barnehagen. Gjennom refleksjon over eige arbeid og fokus på kven vi er her for, skal vi i praksis vise kva grunnverdiar vi står for; likeverd, respekt, toleranse, nestekjærleik, sanning og rettferd er omgrep vi skal ha eit nært forhold til i arbeid med barn.

Kven er vi her for?

Vi er her for barn og foreldre. Målet vårt er at barn og foreldre skal oppleve den kvaliteten vi vil at barnehagen skal ha. Våre haldningar og handlingar avgjer om denne kvaliteten vert opplevd av brukarane.

Dette må vi sette ord på både på den enkelte arbeidsplass og i fellesskap. Kva betyr dette for barn og foreldre, kva tankar har dei ?

Praksishistorier

Observasjonar, opplevingar og refleksjon over daglege hendingar som gjev uttrykk for korleis barn opplever kvardagen sin . Slike situasjonsbilete kan dokumentere det pedagogiske arbeidet i barnehagen (tenk verdiane våre glede, fellesskap, tryggleik, læring)

Former for samarbeid mellom barnehagane

Korleis skal vi utnytte kvarandre sine kunnskapar og ferdigheiter? Vi har etablert nettverk i kommunen der styrarane møtest om lag ein gong pr. månad. Dei pedagogiske leiarane og assistentane møtast 2 gongar pr. halvår i nettverk. Nettverka vert arrangert innanfor ramma av ordinær arbeidstid.

Hospitering er ei løysing som gjev mange muligheiter. Både pedagogar og assistentar/fagarbeidarar kan få oppleve kvardagen i ei anna eining gjennom hospitering i ei gitt periode. Ein kan og nytte kvarandre til foredrag om ulike emne på personalmøte eller foreldremøte. Vi har mange muligheiter for å utveksle erfaringar, få nye innspel og gjere oss kjende med kvarandre sin kvardag.

BRUKARMEDVERKNAD

Kva kan vi krevje av foreldre /føresette ?

Foreldre/føresette må vise vilje til å sette seg inn i barnehagen sin årsplan, barnehagen sine vedtekter og aktiv deltaking i dei fora vi har for medverknad, foreldremøte (foreldreråd) og tillitsverv i barnehagen sitt samarbeidsutval.

Å ta opp med dei barnehagetilsette både det ein opplever som positivt og det ein opplever som mindre bra.

Delta i brukerundersøkingar slik at vi får målt kva som er bra og kva som bør bli betre i den sykkylvske barnehage.

Gi innspel til barnehagen om kva ein ønskjer barna skal oppleve, erfare og lære på sin ”arbeidsplass”.

BARN SIN RETT TIL MEDVERKNAD

Barn sin rett til medverknad, korleis praktiserar vi den i barnehagen?

”Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.

Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.

Barnets synspunkt skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.”

Medverknad er å bli teken på alvor

- kunne planlegge kva eg skal gjere i barnehagen, og få gjere det
- halde fram i morgon med det eg gjer i dag
- sleppe ein aktivitet dersom eg ikkje vil
- seie frå om kva eg synest er kjekt eller mindre kjekt
- seie frå om korleis eg skulle ønske vi kunne ha det
- bli teken på alvor og lytta til, sett og bekrefta av andre
- få vere med i planprosessane i barnehagen

Dette får vi til gjennom

- eit fritt samspel og ein fri dialog mellom vaksne og barn.
- likeverd og respekt skal prege samtalan mellom barn og vaksne.
- å presentere ulike val for barna
- å skape rom for sjølvvalde aktivitetar
- å legg til rette for ulike typar aktivitetar i kvardagen
- å spørje barna om deira synspunkt
- vaksne som kan motivere barn og utnytte ”her og no” situasjonen
- ei gradvis opplæring i medbestemming og demokratiske prinsipp

Kva krev dette av oss som vaksne?

Det krev bevisste handlingar knytt til forståing av kva vi har som oppgåve.

Kva er mi rolle når eg er på arbeid i barnehagen?

- rollemodell for barn
- rollemodell for andre vaksne
- tillitsperson for barn og foreldre
- fagperson som vere med å gi eit pedagogisk tilbod til barn

”Den sykkylvske barnehage” sin visjon er :

”EIN PLASS FOR DEN GODE BARNDOM”

gjennom

FELLES INNSATS MOT FELLES MÅL

– ein god og innhaldsrik barnehage for alle barna, dei føresette og dei tilsette i barnehagane.

Brukarservice frå dei kommunale barnehagane

Dei kommunale barnehagane har frå 2 til 4 avdelingar og ligg i ulike delar av bygda vår. Alle har til felles at ein har den fantastiske naturen vår lett tilgjengeleg i nærområdet. Drifta er regulert av lov om barnehagar med forskrift og økonomiske rammer sett av kommunestyret.

Dei ikkje-kommunale barnehagane

Dei ikkje-kommunale barnehagane har frå 2 til 5 avdelingar og har geografisk spreiding frå Velledalen til sentrum, med same nære tilgang til naturopplevingar i sine nærområdet. Drifta er regulert av lov om barnehagar med forskrift. Økonomien er styrt av forskrift om likeverdig behandling og det er kostnaden ved den kommunale barnehagedrifta som er utgangspunkt for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar. I Sykkylven er satsen for tilskot til drift sett til 100 prosent av kommunale kostnader til plassar for barn over og under tre år.

Fellesskap

Gjennom felles studiedagar, felles aktivitetar som 5-år treff på Slettegjerde legg barnehagane i Sykkylven opp til møteplassar for både barn og vaksne. Dette fellesskapet må vidareutviklast ut frå den plattformen vi har i den sykkylvske barnehage.

SERVICEERKLÆRING

Kva kan du som brukar vente av oss ?

At det er rom for læring , vekst og utvikling for alle barn ut frå kvart barn sine føresetnader.

At barnehagekvardagen inneheld omsorg, glede, humor og varme.

At du vil få informasjon om eige barn og om barnehagen sine planar og aktivitetar.

At du får medverknad gjennom samtalar, foreldreråd og brukerundersøkingar.

At du vert møtt med respekt og høfleg framferd.

At du møter eit personale som er reflektert, har evne til innleving, engasjement og har kompetanse om barn.

At vi tek kontakt med deg om ditt barn når vi har behov for det eller når vi ønskjer samarbeid med andre instansar.

Kva ventar vi av deg?

At du gjer deg kjent med vedtektene og rutinar i barnehagen.

At du respekterer barnehagen sine opningstider.

At du tek ansvar for at barnet ditt har klede til aktiv leik inne og ute.

At du varslar barnehagen når barnet ditt er sjuk, eller har anna fråver.

At du held deg orientert om det som skjer i barnehagen.

At du deltek på møter og foreldrearrangement.

At du betalar innan tidsfristen.

At du seier opp plassen skriftleg.

Om vi ikkje oppfyller forventingane

Ta det opp med pedagogisk leiar eller styraren i barnehagen

Fører ikkje dette fram, ta kontakt med barnehagerådgjevar i rådmannsteamet

Klage på vedtak

Retten til å klage er oppgitt i kvar enkelt vedtak, søknad på plass, søknad om spesialpedagogisk ressurs er døme på saker med klagerett. Dersom ein klage ikkje fører fram er kommunen/fylkesmannen klageinstans. Du har krav på hjelp frå kommunen til å utforme ein klage og å få opplyst ei sak.

Informasjon om barnehagane

Du finn informasjon om barnehagane på heimesida til Sykkylven kommune

www.sykkylven.kommune.no

På servicetorget i rådhuset

I den enkelte barnehage

Velkommen som brukar barnehagetilbodet i Sykkylven!

LOV OG RAMMEVILKÅR

Lov om barnehagar §1 formål

«Barnehagen skal i samarbeid forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og dannelse som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tiggivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»

§1a særlige formål

«Eiere av private barnehager kan i vedtektene bestemme at verdiene i lovens §1 ikke skal forankres i den kristne og humanistiske arv og tradisjon.

Private barnehager og barnehager eiet av eller drevet av menigheter innen Den norske kirke kan i vedtektene fastsette særlige bestemmelser om tros- eller livssynsformål.»

Lov om barnehagar §2 innhold

»Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal gi barn mulighet for lek, livsutfoldelse, og meningsfulle opplevelser og aktiviteter.

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskap og ferdigheter.

Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.

Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver.

Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.»

BARN OG FORELDRE SIN RETT TIL MEDVERKNAD

Lov om barnehager §3 barns rett til medvirkning

»Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.

Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.

Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.»

Lov om barnehager §4 foreldreråd og samarbeidsutvalg

”For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.

Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø.

Er det i forskrift etter §15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.

Samarbeidsutvalget skal være et, rådgivende, kontaktskapende og samordnede organ.

Samarbeidsutvalget består foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.

Barnehageeier skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.”

KVA STYRER VERKSEMDENE ?

Lov om barnehagar (lov av 17 juni 2005 nr 64)sist endret 01.08.2010 og 31.05.2012

Rammeplan for barnehagar (1 mars 2006 med heimel i §2 i lov om barnehagar)

Lokal rammeplan (med heimel i §2 i lov om barnehagar, kan ein utvikle lokal rammeplan)

Plan for kompetanseheving 2007-2010 (vedteken i Levekårskomiteen okt. 2007)

Kommuneplan for barnehagesektoren (vedteken av kommunestyret i 2008)

Vedtekter (kommunen sine vedtekter , private barnehagar sine vedtekter)

Årsplanar (barnehagane sine årsplanar)

Personalet (kompetansen hos dei tilsette, skaper kvaliteten i innhaldet)

Økonomi (rammefaktor som styrer handlingsrommet til barnehagen)

PLANVERK

Lov og rammeplan og dokument frå departementet, t.d. strategi for rekruttering, strategi for kompetanseutvikling legg føringane for kvar einiskild verksemd og for barnehageeigar i høve til kva oppdrag ein har i barnehagen og kva ein kan forvente som brukar. Det er høve å lage lokal rammeplan, knytt opp dei mål ein lokalt har sett seg for barnehagedrifta. Der det ikkje er laga slik plan, vil den overordna rammeplanen gjelde saman med lova når ein utviklar barnehagen sin årsplan. Barnehageeigar skal fastsette vedtekter for barnehagane , noko som skal gi informasjon til søkjarar og brukarar om dei ordningane ein har i barnehagane , ferie, opningstid, sjukdom, pålagt samarbeid med andre instansar, barn og foreldre/føresette sine rettar og plikter, barnehageeigar sine rettar og plikter m.m.

Barnehagane skal kvart år legge fram ein årsplan som er godkjent av

foreldrerådet/samarbeidsutvalet. Årsplanen er arbeids- og styringsdokumentet til barnehagen

Der skal ein finne informasjon om barnehagen, tilsette, rutinar, pedagogisk og metodisk arbeid innanfor dei sju fagområda i rammeplanen. I årsplanen skal ein finne svar på korleis barnehagen dokumentere arbeidet sitt, kva samarbeidsrutinar ein har med foreldre/føresette, skule og andre instansar, kvardagsrutinar m.m. jfr §2 innhald, i lov om barnehagar.

Årsplanen er grunnlag for informasjon om det pedagogiske arbeidet til foreldre,eigaren, politikarane , kommunen, samarbeidspartar og andre interesserte.

KOMMUNEN SITT ANSVAR

Kommunen har ansvar for å gjennomføre tilsyn med at barnehagane har eit tilbod som er i samsvar med krav i lov og rammeplan. Ein kan føre tilsyn med alle sider av drifta.

Tilsynsplanen skal vere politisk handsama og legg føringar for kor og ofte det skal gjennomførast ordinært tilsyn og at det etter behov kan gjennomførast umelde tilsyn. Alle barnehagar skal ha tilsyn, både kommunale og private. Fylkesmannen føre tilsyn med kommunane, ei oppgåve dei prioriterer høgt.

Kommunen er vidare ansvarleg for at det ligg føre ein plan om full barnehagedekning og må og definere kva som er full barnehagedekning i eiga kommune, knytt til geografiske vurderingar og vurderingar ut frå barnetal i aldersgruppa 1-5 år. Det er ikkje krav om at barnehagedrifta skal vere kommunal, private barnehagar skal etter lova handsamast likeverdige med kommunale.

Lova set krav til formell kompetanse for det pedagogiske personalet i barnehagen, styrar skal vere utdanna førskulelærar og det skal vere førskulelærar på kvar avdeling/base ut frå norma på barnetal, her er det rom for andre utdanningsvegar enn førskulelærarutdanning dersom ein har tilleggskompetanse i småbarnspedagogikk. I tillegg skal det vere assistentar/fagarbeidarar i barnehagen, målsetjinga er at det skal vere tilstrekkeleg personale til å gi barn og foreldre eit godt og trygt tilbod og at personalet har stetta krav i arbeidsmiljølova.

Kva ein som leverandør av tenester kan gi, er knytt både til personalet og til dei økonomiske rammene ein har å organisere kvardagen ut frå. Politikarane som eigarar, må legge høva til rette for dei kommunale barnehagane sin økonomi for å sikre ei drift som er i samsvar med lovverket.